

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

HØYRINGSTUTTALE TIL ENDRINGER I PASIENTRETTIGHETSLOVA ETTER RUSREFORMEN M.M.

Sosialtenesta i Os kommune har gått igjennom dykkar høringsnotat av 190706 og vil med dette kommentera to forhold.

Vedk. rett til val av behandlingsstad for LAR-pasientar, dykkar kap. 6.3.

Det er vår oppfatning at LAR-pasientar av likskapsomsyn må sidestillast med andre pasientgrupper, og ein skal gje dei dei same helserettar. Men nokre unntak må gjerast:

LAR-behandling er i sin form ikkje ein eintyding spesialisthelseteneste avdi den fordrer løpande oppfølging frå 1.linetenesta frå fastlege og sosialteneste. Det er difor rimeleg at søknad/godkjenning/behandling må følgast opp av det LAR-senter som dekker den aktuelle kommune pasienten bur i. Pasienten kan dermed ikkje velga behandlingstad/eit LAR-senter i annan del av landet.

Eit regelverk må difor ta høgde for ein slik praksis.

Dersom pasienten treng annan behandling, t.d. for sidemisbruk, og får gjennom innvilga helserettar tildelt eit institusjonstilbod utanfor regionen, må dei to aktuelle LAR-sentre bli samde om kven som skal ha oppfølging i den tida pasienten er innlagt. I denne fasen må representantar frå kommune (sosialteneste og fastlege) møta på institusjonen på ansvarsgrupper slik det blir avtalt og er nødvendig for rehabiliteringsprosessen.

Vedk. endring av forskrift om LAR, dykkar kap. 9.

Vi er usamde i den foreslåtte "liberalisering" av inntakskriteriene for LAR-behandling, og meiner gjeldande regelverk fortsatt bør gjelda, dog med eit fagleg skjønn med rom for fleksibilitet. Etter vårt syn skal lista leggst høgt for eit livslangt behandlingsregime som kan nyttast når alle andre alternativ har vore prøvd ut.

Ein konsekvens av dei nye retningslinene som er foreslått vil og vera fleire brukarar på LAR, noko som i neste omgang nødvendigvis vil krevja fleire kommunale ressursar, t.d stillinger. Fortsatt opplever vi at det er sprik mellom forventningar og pålagte oppgåver innan det kommunale rusområdet og faktiske ressursar ein har til disposisjon.

Vi er difor usamd med departementet i at endringer i regelverket ikkje vil få økonomiske konsekvensar.

Vi etterlyser også eit klarare regelverk når det gjeld ansvar for oppfølging av LAR-pasientar. Sosialtenesta har som kjent henvisingsrett, og vi har eit fagleg ansvar for oppfølging i h.h.t. tiltaksplan for ein LAR-pasient. I tillegg har vi eit **koordineringsansvar**.

Dette koordineringsansvaret blir utfordra ved at ein skilde legar i Os reserverer seg mot oppgåver knytta til utdeling av medisin og urinprøvetaking av LAR-pasientar. Grunngevinga kan vera at det er ei grense for kor mange slike pasienter ein kan ha avdi dei kan vera krevjande på ulike vis, t.d. ha ein adferd som uroer eller blir oppfatta som utrygg blant andre pasientar. Dessutan er ikkje alle legekontor fysisk egna til å ivareta funksjonar som medisinutdeling og urinprøvetaking, vert det sagt. Frå Helsetilsynet har vi fått til svar at etter forskrift til fastlegeordninga kan ikkje fastlegen reservera seg mot LAR-pasientar når det gjeld medisinutdeling og urinprøvetaking. Dette svaret har vi formidla til Avdeling for legemiddelassistert behandling på Bergensklinikkene som meiner fastlegane **kan** reservera seg mot desse oppgåvene, men dei meiner og at fastlegen ikkje kan reservera seg mot **øvrig** oppfølging rundt behandlinga av pasienten, t.d. deltaking i ansvarsgruppa osv.

Med bakgrunn i desse motstridande tilbakemeldinger ønskjer sosialtenesta i Os å arbeida for oppretting av ein kommunal LAR-base der vi tek hand om utdeling av medisin og urinprøvetaking etter modell frå Bergen kommune der ein har fleire utdelingsstader. Etter vårt syn vil dette vera i tråd med det koordineringsansvar sosialtenesta er pålagt, og pasientane unngår slikt sett mellombelse løysingar der ein gjerne er prisgitt kapasitet, utrustning og haldningar til det ein skilde fastlegekontor.

Imidlertid synast det også å vera slik at det honorar legane inntektsfører frå RTV gjennom medisinutdeling og urinprøvetaking ikkje kjem kommunen til del når den overtek dette ansvaret, jfr. takst nr. 618 etter normaltariiffen for almenlegetenesta.

Konklusjon:

1. Ved endring av regelverket, herunder Forskrift om LAR-behandling, etterlyser Os kommune v/sosialtenesta klarare reglar for fastlegen sitt ansvar på dette området.
2. Dersom praksis i større kommunar no blir at kommunane sjøl tek over ansvaret for medisinutdeling og urinprøvetaking, bør også pengane fastlegen får overførast til kommunen.

Vi ber om at ovannemnde vert vektlagt ved endeleg utforming av nytt regelverk.

Med helsing
Eining for psykiatriske og sosiale tenester 31.10.06

Eva-Mari Solberg
Einingsleiar
Sign.

Jan Rune Bakke
Ruskonsulent
Sign.